



SERVICEERKLÆRING FOR BARNEHAGANE I FUSA

Vårt mål med serviceerklæringa er å leggja grunnlaget for eit best mogeleg foreldresamarbeid, der barnet står i sentrum.

Serviceerklæringa vert gjennomgått munnleg ved barnet sin oppstart i barnehagen.

Dei viktigaste styringsdokumenta for barnehagen er:

- Lov om barnehage med forskrifter
- Rammeplanen for barnehagar
- Oppvekstplan for Fusa kommune
- Vedtekter for dei kommunale barnehagane
- Barnehagen sin årsplan

Foreldre/føresette kan forventa at:

- Barnet vert tatt imot av ein vaksen når det kjem til barnehagen.
- Barnet leikar i eit sikkert og stimulerande leikemiljø inne og ute.
- Barnet får eit pedagogisk tilrettelagt tilbod tilpassa alder og modning.
- Barnet vert sett og høyrte.
- Barnet sine behov for tryggleik, omsorg, danning og læring vert i vareteke.
- Barnet får oppleva uteliv og turar i nærmiljøet i all slags vêr.
- Barnet øver på sosiale ferdigheiter.
- Barnehagen har ein kvardag prega av glede og humor.
- Personalet møter foreldra med respekt.
- Personalet gjev god informasjon om arbeidet i barnehagen ved bruk av bilete, planar, dokumentasjon og vurdering.
- Personalet har ein god og tydeleg dialog med foreldra om barnet.
- Personalet held teieplikta.
- Foreldremøte og foreldresamtalar to gonger i året.

Barnehagen forventar at foreldra/føresette:

- Foreldre møter personalet med respekt.
- Gjev viktig informasjon om barnet til barnehagen.
- Gjer seg kjent med og respekterer barnehagen sine vedtekter, rutinar og anna regelverk.
- Deltok på foreldresamtalar, foreldremøte og andre foreldrearrangement.



- Gjev beskjed dersom det er andre enn foreldra skal henta barnet.
- Les informasjon frå barnehagen.
- Gjev beskjed ved sjukdom eller viss det er andre grunnar til at barnet ikkje kjem i barnehagen.
- Følgjer Fusa kommune sine retningslinjer ved sjukdom.
- Syter for at barnet har høvelege klede til ei kvar årstid.
- Merkar klede, sko, matboksar, bøker.

Betring av barnehagetilbodet i dei kommunale barnehagane i Fusa:

Dersom du meiner at barnehagen ikkje er slik me skriv her, vil me gjerne høyra frå deg.

Ta kontakt med barnehagen sin styrar.

Så vil me:

- Sjekka eigne rutinar
- Vurdera behovet for å korrigera praksis
- Gje deg tilbakemelding

